

ÅRSPLAN



HARØY BARNEHAGE

2011 / 2012

Årsplan

Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen slår fast at barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggast, dokumenterast og vurderast, og at alle barnehagar skal utarbeide ein årsplan. Den skal innehalde informasjon om korleis barnehagen arbeider med §§ 1 "Formål" og 2 "Barnehagens innhold" i barnehagelova, dokumentasjon og vurdering, overgangen skule og barnehage og barns medverknad.

Årsplana er ein del av planleggingsarbeidet og ein reiskap for personalet til å styre og konkretisere det pedagogiske arbeidet i ei uttalt retning. Vidare fungerer den som informasjon om barnehagen sitt arbeid, og er eit utgangspunkt for foreldre til å kunne påverke innhaldet i barnehagen. Årsplanen skal fastsettast av Samarbeidsutvalet ved barnehagen.

Årsplana kan utformast på mange måtar, og vi har laga kalender som består av ein generell del og ein kalenderdel. Den generelle delen er felles for heile barnehagen, og seier noko om Harøy barnehage sitt hovudmål og verdigrunnlag, korleis vi arbeider med kompetanseutvikling og pedagogisk dokumentasjon, og samarbeid med andre instansar. Kalenderdelen er noko ulik frå avdeling til avdeling, men avdelingar med same aldersgruppe har like kalenderar. Ut frå dette vil det vere barnegruppa sine interesser på den einskilde avdeling som er med på å forme innhaldet i kvardagen utover året.

Presentasjon av Harøy barnehage

Barnehageåret 2011/2012 har Harøy barnehage 75 barn. Vi har fem avdelingar med ei utvida småbarnsgruppe, og ei utvida storbarnsgruppe. Barnehagen blir drive i tre ulike bygg, eit på Huse og to på Myklebust. På Huse har vi leiarkontoret og 3 avdelingar, Sjøstjerna med 25 barn, Kråkebollen med 16 barn og Krabben med 11 barn. På Myklebust har vi kontor for assisterande styrar og 2 avdelingar, Blåhammaren med 13 barn (modulbygg) og Ørna (hovudbygg) med 10 barn.

Personalet ved Harøy barnehageåret 2010/2011.

Leiar for barnehagetenesta / styrar: **Karin Breivik Grytten**

Assisterande styrar: **Ingrid Huse**

Sjøstjerna: Pedagogiske leiarar: **Mariann Husøy, Irene F. Breivik**, Barneleiar m/ped.ansvar: **Anita Eliassen**, Fagarbeidar: **Heidi Brunvoll**, Assistentar: **Nina Garnes, Heidi Hjelle**

Kråkebollen: Pedagogisk leiar: **Berit Eidem**, Fagarbeidar: **Anna Krystofiak**, Barne- og ungdomsarbeidar: **Tonje Breivik**, Assistent: **Henny Huse**, Lærling: **Ida Marie F. Rød**

Krabben: Barne- og ungdomsarbeidar m/ped.ansvar: **Laila Alvestad, Inger Svanhild Myklebust**, Barne- og ungdomsarb.: **Tonje Breivik**, Assistentar: **Ingunn K. Huse, Viktoria Emblem**

Blåhammaren: Pedagogisk leiar: **Kristin Huse**, Barneleiar m/ped.ansvar: **Torill Vassgård**, Assistentar: **Randi Husøy, Ruth Otterlei, Siv Beate Garnes**

Ørna: Pedagogisk leiar: **Anne Johanne Heggen**, Barne- og ungdomsarbeider m/ped.ansvar: **Berit Balstad**, Assistentar: **Heidi Faksvåg, Rasina Morsund**

Faste vikarar i barnehagen: *Laila Harnes, Rasina Morsund, Tracy Breivik, Grace Heinessen*

Mål og verdigrunnlag for Harøy barnehage

Lov om barnehager § 1. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Punkta nedanfor viser korleis vi i Harøy barnehage vil arbeide ut frå verdigrunnlag som er forankra i menneskerettane:

Respekt for menneskeverdet og naturen: Barn og vaksne i barnehagen skal få vere seg sjølv og vi må respektere at mennesker er forskjellige. Alle skal ha ein plass i gruppa og vi skal ta vare på og bry oss om kvarandre. Vi skal ta vare på livet og leve i pakt med naturen.

Åndsfrihet: Barn og vaksne eig sine egne tankar og følelser, og det skal vere rom for å få seie det ein meiner.

Nestekjærlighet: Barn og vaksne skal bry seg om kvarandre. Vi skal vere medmenneske og vise omsorg, nærhet, trygghet, respekt, forståing og toleranse.

Tilgivelse: Barn og vaksne må kunne sjå ei sak frå fleire sider. Eit menneske har lov å "feile", og vi skal kunne legge ei vanskeleg sak bak oss for så å sjå framover, finne løysingar og gå vidare i fellesskapet.

Likeverd: Barn og vaksne, uavhengig av m.a. kjønn, alder, stilling og etnisitet, er like mykje verdt. Alle skal få like stor plass, og få like muligheter til utvikling.

Solidaritet: Barn og vaksne skal føle at dei høyrer til i barnehagen. Vi skal stå saman og gjere kvarandre gode.

Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver kap 1.3 Danning gjennom omsorg, lek og læring

...Danning er en livslang prosess som blant annet handler om å utvikle evne til å reflektere over egne handlinger og væremåter. Danning skjer i samspill med omgivelsene og med andre og er en forutsetning for meningsdanning, kritikk og demokrati. Danning i barnehagen skal forankres i verdiene i formålet. ... Danning er mer enn utvikling, mer enn læring, mer enn omsorg, mer enn oppdragelse og mer enn sosialisering. Samtidig rommer danning alt dette. ...

I Harøy barnehage ser vi på danning som ei motvekt til den gammaldagse opplæringsstradisjonen, og legg vekt på at vi skal bevare barnehagen sin eigenart. I dette ligg det m.a. at vi anerkjenner at barndommen har ein eigenverdi, og at vi legg vekt på å løfte fram barna sine intensjonar og gode eigenskapar gjennom leik og deltaking i eit inkluderande fellesskap. Danning skjer ved at barna får erfaringar i sitt møte med andre menneske, både barn og vaksne. Det er også avgjerande kva læringsmiljø og sosialt miljø barna får vere i. I barnehagen legg vi vekt på den aktive og reflekterte vaksenrolla for å skape gode læringsmiljø.

Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver kap. 1.5 Barns medvirkning

...Barn har rett til å uttrykke seg og få innflytelse på alle sider ved sitt liv i barnehagen. ...Barn må både få oppleve tilknytning og fellesskap og kjenne at de kan utøve sin selvbestemmelse og uttrykke egne intensjoner. Barn må støttes til å leve seg inn i andres situasjon og til å ta hensyn til andre. ... Barns rett til medvirkning krever tid og rom for å lytte og samtale. ... Barn må erfare tydelige og ansvarsfulle voksne som tar hensyn til hele gruppen.

Planlegginga skal vere så fleksibel at der er rom for spontanitet og barns medverknad, og i årsplana seier vi noko om kva retning vi ønskjer å arbeide mot, i staden for å detaljplanlegge. Det er m.a.o prosessen som er det viktigaste, og vegen vert til medan vi går.

ICDP International Children Development Program

ICDP er eit norsk utvikla program, med sterk forankring i forskning. Det er eit universelt program, uavhengig av kultur og religion og er anerkjent og brukt av m.a UNICEF og WHO. ICDP bygger på ein humanistisk tradisjon, og er eit relasjonsorientert og empatibasert program som rettar seg mot barna sine omsorgsgjevarar. Oppfatning av barnet er ein del av kjerna i ICDP, og ein legg vekt på at å oppfatte barnet som ein person/eit eige individ, inneber at dei har dei samme behova for å bli elska, inkludert, respektert og forstått som vi sjølv kan kjenne oss att i.

I nyare kulturorientert utviklingspsykologi legg ein stor vekt på samspel mellom barnet og dei sentrale omsorgspersonane fordi nyare forskning viser at dersom barn si utvikling skal vere optimal, trengs det sensitiv assistanse frå nære omsorgsgjevarar som både kan skape kjenslemessig trygghet og tillit, og som kan rettleie barnet til å forstå og mestre dei utfordringane som det møter når det veks opp.

ICDP har sett opp fleire moment som må vere tilstades for at barna skal få ei optimal utvikling, og desse har dei delt inn i tre dialogar:

- 1) **den kjenslemessige dialogen** - der omsorgsgjevar uttrykker gode kjensler for barnet, justerer seg til barnet og følger barna sine initiativ, anerkjenner og roser barnet og har ein tillitsfull og varm dialog
- 2) **den meiningsskapande og utvidande dialogen** - der omsorgsgjevar sett ord på og utvidar opplevingar, snakkar om ting og forklarar, og hjelper barnet til å samle fokus og merksemd, og til å skape mening.
- 3) **Den regulerande dialogen** - der omsorgsgjevar hjelper barnet til å mestre dei oppgåvene og utfordringane det møter i kvardagen, og der barnet får hjelp til å utvikle strategiar for korleis ein deltek i eit demokratisk og inkluderande fellesskap.


Desse tre dialogane er så konkretisert i 8 tema for godt samspel.

I Harøy barnehage vurderer vi dette som eit godt verkty til å analysere, konkretisere og vurdere arbeidet vårt. Vi ser på ICDP som eit verkty for å arbeide godt med krav i Barnehageloven og Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver, og verdigrunnlaget i ICDP står i samsvar til verdigrunnlaget i Barnehageloven og Rammeplanen.


Tre førskulelærarar i Harøy barnehage er pr. i dag sertifiserte ICDP-rettleiarar, og ein gjennomfører rettleiing for dei tilsette.

Arbeidet vårt med mål og verdigrunnlag i barnehageloven og ICDP har resultert i ein modell som er utgangspunkt for Harøy barnehage sin faglege profil. I denne modellen har vi sett opp viktige eigenskaper vi ønskjer å støtte, løfte fram og legge vekt på hos barn og tilsette.

Egenskaper hos ein "god barnehagetilsett"



Egenskaper hos eit "godt" barn



Harøy barnehage sitt pedagogiske innhald

Lov om barnehager § 2. Barnehagens innhold

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.

Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.

Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.

Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.

Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver kap 2.5 Språklig kompetanse

Småbarnsalderen er den grunnleggende perioden for utvikling av språk. ...At voksne oppfatter og bekrefter barns uttrykk og samtidig setter ord på deres inntrykk og opplevelser, er av avgjørende betydning for videre utvikling av talespråket. ...Barnehagen må sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringer med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som redskap for tenkning og som uttrykk for egne tanker og følelser. ...

For barnehageåret 2011/2012 sett vi ekstra fokus på språkleg kompetanse i Harøy barnehage. Også her er ICDP eit godt verkty med dei tre dialogane som fokuserer på barna sine kjensler, barn si meiningsskaping og barn si mestring. Personalet arbeider med språkleg kompetanse gjennom fokus på ulike felt. Desse fokusområda er:

- **Språkleg kompetanse:** språket utviklar seg i samspel med andre, men kjem ikkje av seg sjølv og er noko vi må arbeide bevisst med. Vi har materiell som t.d Snakkepakken og Språksprell
- **Pragmatikk:** korleis brukar vi språket, og språkferdigheiter er nært knytt opp til leikeferdigheiter og sosial kompetanse
- **Kartleggingsverktøy TRAS:** vi nyttar TRAS i situasjonar der vi er usikre på barna sin språklege kompetanse, og ikkje kartlegging for alle
- **Kvardagssamtalar:** vi ser på samtalan i det daglege som det viktigaste for barna si språkutvikling, og gode relasjonar mellom barn og vaksne er avgjerande
- **Leik, samhandling og vennskap:** trygghet er viktig for at barn skal kunne utvikle språket i samhandling og leik med andre
- **Fleirspråklege barn og kulturelt mangfald:** morsmålet er viktig for den kjenslemessige utviklinga, og vi kan vere ressursar for kvarandre
- **Bruk av bøker, rim, regler, sang og musikk m.m:** vi legg vekt på at barna skal få bruke kroppen sin, og at vi tek utgangspunkt i barna sine interesser. Vi legg og stor vekt på at barna skal få erfare glede ved å sjå og lese bøker både åleine, saman med vaksne og andre barn.
- **Språkutviklande leik og utvikling av skriftspråket:** ta utgangspunkt i barna sine interesser, og utnytte dei moglegheitene som oppstår

Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver Kapittel 3 *Fagområda*

Eit hjelpemiddel for å planlegge eit allsidig og variert pedagogisk tilbod, er dei sju fagområda. Kwart av fagområda dekkjer eit vidt læringsfelt, og vi arbeider tverrfagleg med desse. Målsettingar som er knytt til fagområda rettar seg mot opplevingar og læring, og er formulert som prosessmål. Arbeidet med fagområda skal og tilpassast alder og interesser til barna, gruppesamansetning og med tanke på at barna har ulike behov.

Kommunikasjon, språk og tekst handlar om nonverbal og verbal kommunikasjon, varierte og rike erfaringar, samtale om opplevingar, tankar og kjensler, og om å få møte ulike tekster gjennom forteljing, sang, rim, regler osv.

Kropp, rørsle og helse handlar om motoriske ferdigheiter og kroppskontroll, variert kroppsleg aktivitet, sanseerfaringar, godt kosthald, helse og livskvalitet.

Kunst, kultur og kreativitet handlar om å oppleve kunst og kultur, få uttrykke seg estetisk, oppleve og skape noko i fellesskap med andre, barns eiga kulturskaping.

Natur, miljø og teknikk handlar om oppleving og inspirasjon i naturen, kjennskap og forståing for dyr, planter, landskap, årstider og ver, samspel mellom mennesker og naturen og ei gryande forståing for berekraftig utvikling

Etikk, religion og filosofi handlar om korleis vi møter verda rundt oss, verdier og haldningar, religion og livssyn, mangfaldet i samfunnet vi lever i

Nærmiljø og samfunn handlar om å vere deltakande i eit demokratisk samfunn, kunnskap og tilnytning til lokalsamfunnet og nærmiljøet, barn og media

Tal, rom og form handlar om tal og teljing, utforske rom og form, finne samanhengar, matematisk kompetanse

Kompetanseutvikling og personalsamarbeid

Vi ønsker å vere ein barnehage i utvikling, ein barnehage som tek i bruk ny, og relevant barnehagefagleg kunnskap. Vi har ei personalgruppe der mange har lang fartstid frå arbeid i barnehagen, samstundes som vi har fleire nye medarbeidarar med oss. Alle desse har kompetanse og kunnskap på ulike område. Gjennom kompetanseutvikling søker vi ny kunnskap samstundes som vi gjer oss medvetne gamal kunnskap. Vårt mål er å auke vår eiga handlingskompetanse. Gjennom refleksjon rettar vi fokus mot eigne haldningar til og handlingar i arbeidet i barnehagen.

Vi ønsker å arbeide etter eit læringssyn der vi ser på barnet som eit medmenneske, eit individ med eigne følelser, tankar og meiningar og at barnet er eit fullverdig menneske i det livet det lever som barn.

Kompetanseutvikling føregår m.a på personalmøter, avdelingsmøter, møter for pedagogiske leiarar, og sist men ikkje minst refleksjonar i det daglege arbeidet i møtet med barn, foreldre og kollegaer. Vi har valgt å ikkje ta den vaksne si tid vekk frå barna på avdelingane, då vi meiner denne er avgjerande for kvaliteten på barna sitt opphald i barnehagen. Mykje av møteverksemda føregår difor på kveldstid. Vi får kompetanseheving og påfyll av faglege tema gjennom eksterne og interne kurs.

Pedagogisk dokumentasjon og vurdering

Som nemnt stiller barnehagelova krav om dokumentasjon og vurdering. Dokumentasjonsarbeidet er det som i ettertid viser kva vi har arbeidd med, og gjev dykk som foreldre informasjon om kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen.

I Harøy barnehage legg vi vekt på å dokumentere arbeidet vi gjer ved bruk av tekst og bilete, og vi legg vekt på at dokumentasjonen skal fortelje noko om det faglege innhaldet, dvs at det skal vere samanheng mellom det vi dokumenterer og dei krava barnehagelova stiller. Dokumentasjonen skal ikkje berre vere ei synleggjering av arbeidet vi gjer, men den er og eit grunnlag for personalet til å kunne reflektere over og vurdere det vi har arbeidd med saman med barna. Dette kallar ein pedagogisk dokumentasjon.

Mål i kalenderen og arbeidet med språkleg og sosial kompetanse vil vere fokus for dokumentasjonsarbeidet i barnehageåret 2011/2012

Samarbeid med heimen

Målsetjing med samarbeid med heimen:

- **Møte foreldra venleg og med respekt**
- **Arbeide for openheit og dialog**
- **Ha gode formaliserte samarbeidskanalar**
- **Gi god informasjon**

For at barna skal ha det beste utgangspunktet i barnehagen, er det viktig at personalet og foreldra har eit godt samarbeid. Bringing og henting er der vi treffast oftast, og mykje god informasjon kan utvekslast. Minimum ein gang i året har pedagogiske leiarar ein foreldresamtale, men foreldre eller personalet kan be om fleire. Vi har høgt kvalifisert pedagogisk personell som foreldra kan søkje råd og rettleiing med i høve problemstillingar om barns utvikling og læring. To gongar i året har vi foreldremøte, eit felles foreldremøte på våren der styrar kallar inn og eit avdelingsvis foreldremøte på hausten der pedagogisk leiar kallar inn.

Barnehagen har ei eiga informasjonsavis til foreldra "Barnehagenytt" som kjem ut ein gong i månaden. I tillegg har barnehagen eiga nettside under www.sandoy.kommune.no -> barnehagetenester. Foreldra har og moglegheit til å sende mail til pedagogiske leiarane.

I barnehagen har vi eit foreldreråd som alle foreldra sit i, ut frå det har ein eit eige foreldrerådsstyre som blir valt på foreldremøte om våren. Leiar og nestleiar i foreldrerådet sit som representantar i Samarbeidsutvalet(SU). SU består av to representantar frå foreldra, to frå tilsette og to frå kommunen som eigar. Kvar vår arrangerer barnehagen dugnad på barnehageområdet, tillegg til at dette er eit sosialt tiltak med god mat, gir vi uteleikeklassane eit løft.

Samarbeid med andre instansar

- Barnehagen samarbeider med skulen. Vi har saman utarbeidd ein eigen plan som skal sikre barna ein god overgang frå barnehagen til skulen, med eigne mål og tiltaksplan. Denne planen ligg under nettsidene til Sandøy Kommune -> barnehagetenester
- Barnehagen samarbeider med PPT Sandøy med tiltak knytt til enkelt barn.
- Barnehagen samarbeider med helsestasjonen om felles satsingsområder.
- Barnehagen samarbeider med barneverntenesta om felles satsingsområder og ved behov knytt til enkelt barn.
- Barnehagen er med i tverrfagleg samarbeidsteam og tverrfagleg gruppe i kommunen der vi arbeider med primærforebygging.

Telefonnummer

- | | |
|--|---------------------------|
| ➤ Sandøy kommune - Rådhuset | 71 27 75 00 |
| ➤ Harøy barnehage - leiar for barnehagetenesta | 71 27 75 50 / 97 58 14 97 |
| ➤ Harøy barnehage - assisterande styrar | 90 55 34 06 / 71 27 75 55 |
| ➤ Harøy barnehage - Sjøstjerna | 71 27 75 54 / 99 50 67 01 |
| ➤ Harøy barnehage - Kråkebollen | 99 09 14 06 |
| ➤ Harøy barnehage - Krabben | 99 09 14 07 |
| ➤ Harøy barnehage - Ørna | 95 81 95 77 |
| ➤ Harøy barnehage - Blåhammaren | 90 60 60 32 |
| ➤ Foreldrerådsleiar/Leiar SU - Lodvar Espeland | 95 13 55 12 |
| ➤ Foreldrerepresentant i SU - Johannes Huse | |